

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
134/14	Plan- og miljøutvalet	PS	30.10.2014
094/14	Levekårsutvalet	PS	28.10.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/2052

Uttale til søknad - utslepp av poly- og perfluorerte forbindelsar i Fensfjorden

Vedlegg:

Høring av søknad om PFAS-utslepp frå TWMA Norge AS

Søknad om PFAS-utslepp fra TWMA Norge AS

Høyring av søknad frå Halliburton AS Mongstadbase om endring av løyve til virksomhet etter forurensningsloven

Søknad om utslepp av PFC forbindelser - Juli 2014 - Halliburton

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Dei omsøkte utsleppa av PFC-sambindingar er stoff som ein ikkje ynskjer å sleppe laus i økosystemet, då stoffa har eigenskapar som gjer at dei vert akkumulert i og har uklåre effektar på organismane som vert utsett for dei. Lindås kommune vil på bakgrunn av dette rå i frå utslepp av desse stoffa i Fensfjorden. Det er sentralt at ein vurderer alternativ til å sleppe PFC-sambindingar til sjø, både lagringsmoglegheiter, moglegheiter innanfor prosesseringa av avfallet og eventuelle andre reguleringar. Lindås kommune ber om at det vert utført ei samla vurdering av utsleppa frå Mongstad i tillegg til at ein må vurdere resipient og straumforhold på ny for å få kunnskap om status og kvar utsleppa spreier seg, spesielt med omsyn til Knarrevika. Kommunen ynskjer også at ein jobbar vidare med å sjå på Mongstad som eit samla utsleppspunkt. Det vert elles vist til utgreiinga i saksframlegget.

Levekårsutvalet - 094/14

LE - behandling:

Endring i rådmannen sitt framlegg, nest siste linje "*kvar utsleppa spreier seg, spesielt med omsyn til dei indre fjordsistema - Knarvik (nord) og områda innafor*".

Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 28.10.2014:

Dei omsøkte utsleppa av PFC-sambindingar er stoff som ein ikkje ynskjer å sleppe laus i økosystemet, då stoffa har eigenskapar som gjer at dei vert akkumulert i og har uklåre effektar på organismane som vert utsett for dei. Lindås kommune vil på bakgrunn av dette rå i frå utslepp av desse stoffa i Fensfjorden. Det er sentralt at ein vurderer alternativ til å sleppe PFC-sambindingar til sjø, både lagringsmoglegheiter, mogleheter innanfor prosesseringa av avfallet og eventuelle andre reguleringar. Lindås kommune ber om at det vert utført ei samla vurdering av utsleppa frå Mongstad i tillegg til at ein må vurdere resipient og straumforhold på ny for å få kunnskap om status og kvar utsleppa spreier seg, spesielt med omsyn til dei indre fjordsistema - Knarvik (nord) og områda innafor. Kommunen ynskjer også at ein jobbar vidare med å sjå på Mongstad som eit samla utsleppspunkt. Det vert elles vist til utgreiinga i saksframlegget.

Plan- og miljøutvalet - 134/14

PM - behandling:

Framlegg frå Sæbjørg Hageberg Kjeka-Krf:

Rådmannen sitt framlegg med endring: (i siste del av framlegget):

Lindås kommune ser det som påkrevd at det vert utført ei samla vurdering av utsleppa frå Fensfjordbassenget, i tillegg til at ein må vurdere resipient og straumforhold på ny for å få kunnskap om status og kvar utsleppa spreier seg, spesielt med omsyn til (dei indre fjordsistema - Knarvik (nord) og områda innafor). Kommunen ynskjer også at ein jobbar vidare med å sjå på Fensfjordbassenget som eit samla utsleppspunkt. Det vert ellers vist til utgreiinga i saksframlegget.

Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Bjarte Vatnøy-Frp:

Rådmannen sitt framlegg med tilleggspunkt:

- Det må framkomme kva slags offentlege støtteordningar som kan hjelpe bedriftene med naudsynte omstillingar til eventuelt nye krav som blir innført.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggspunkt vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Innstilling i plan- og miljøutvalet - 30.01.2014:

Dei omsøkte utsleppa av PFC-sambindingar er stoff som ein ikkje ynskjer å sleppe laus i økosystemet, då stoffa har eigenskapar som gjer at dei vert akkumulert i og har uklåre effektar på organismane som vert utsett for dei. Lindås kommune vil påbakgrunn av dette rå i frå utslepp av desse stoffa i Fensfjorden. Det er sentralt at ein vurderer alternativ til å sleppe PFC-sambindingar til sjø, både lagringsmoglegheiter, mogleheter innanfor prosesseringa av avfallet og eventuelle andre reguleringar.

Lindås kommune ser det som påkrevd at det vert utført ei samla vurdering av utsleppa frå Fensfjordbassenget, i tillegg til at ein må vurdere resipient og straumforhold på ny for å få kunnskap

om status og kvar utsleppa spreier seg, spesielt med omsyn til (dei indre fjordsistema - Knarvik (nord) og områda innafor). Kommunen ynskjer også at ein jobbar vidare med å sjå på Fensfjordbassenget som eit samla utsleppspunkt. Det vert ellers vist til utgreiinga i saksframlegget. Det må framkomme kva slags offentlege støtteordningar som kan hjelpe bedriftene med naudsynte omstillingar til eventuelt nye krav som blir innført.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet.

Saka skal til avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Bakgrunn

Lindås kommune har motteke søknad frå Halliburton AS Mongstadbase om endring av løyve til verksemrd etter forureiningslova, der det vert søkt om løyve til utslepp av PFC-sambindingar. TWMA Norge AS på Mongstad har også søkt om utslepp av PFC-sambindingar. Administrasjonen ser det som føremålstenleg å handsame søknadane samla, då det vert søkt om same type utslepp frå verksemndene.

Søknadane frå verksemndene kjem på bakgrunn av pålegg frå Miljødirektoratet om kartlegging av utslepp av PFC-sambindingar i drifta ved verksemndene, og vidare som pålegg på bakgrunn av at det vart påvist utslepp av desse sambindingane ved begge verksemndene. Dei to verksemndene driv i stor grad innanfor det same segmentet av avfallshandsaming, i første rekke handsaming av farleg avfall frå oljeboring på sokkelen. Viktige avfallstypar er boreslam, borekaks, slop, prosessvann, vaskevann, med meir.

Halliburton AS Mongstadbase søker om eit totalutslepp på 4000 gram per år i sum for 15 ulike PFC-sambindingar. TWMA AS søker om eit totalutslepp på 380 gram i sum for 16 PFC-sambindingar. Utsleppa vil kome i tillegg til dei eksisterande utsleppa det er gitt løyve til for verksemndene.

Kort om PFC-sambindingar (henta frå Halliburton AS sin søknad)

Perfluorerte organiske forbindelser er en stoffgruppe som består av flere hundre stoffer. De fleste PFC-forbindelser har både lipofile og hydrofile (vann- og fettavvisende) egenskaper og brukes derfor særleg til å danne glatte overflater som er vann-, fett- og smussavvisende. Noen av stoffene virker også flammehemmende. Det er ikke produksjon av perfluorerte stoffer i Norge. Stoffene tilføres det norske markedet via importerte kjemiske og faste bearbeidede produkter.

Kunnskapen om de ulike stoffenes bruksområder og mengder er sterkt varierende og det er begrenset kunnskap om disse. Noen forhold er likevel klare i forhold til antatt viktige bruksområder for perfluorerte forbindelser. To av de perfluorerte stoffene, PFOS (perfluoroktylsulfonat) og PFOA (perfluoroktylsyre), står på myndighetenes prioritetsliste. Oppmerksamhet på egenskapene til PFOS og PFOA har ført til økt bruk av andre perfluorerte forbindelser. Det er funnet perfluorerte forbindelser i sigevann fra avfallsdeponier og i kommunalt avsløpsvann. Nasjonale punktutslipp av PFOS antas å ha opphört og lagre med PFOS-holdig brannskum er fjernet. Tidligere bruk av PFOS i brannskum har imidlertid ført til høye konsekvensjoner av PFOS i grunn og sedimenter, blant annet ved brannøvingsfelt (Ref: Klima- og Miljødepartementet NOU 2010: 9)

Perfluorerte forbindelser er overflateaktive og veldig stabile. Dette medfører at de i liten grad

brytes ned og dermed at de hoper seg opp i mennesker og miljøet og spres globalt. Når helse og miljøfarlige kjemikalier hoper seg opp i miljøet vil dette på sikt representere en potensiell fare for mennesker og dyr. Fram til nå har PFOS og PFOA vært mest i fokus, og begge er strengt regulert i Norge. Ny informasjon viser at også flere stoffer i denne gruppen er svært miljøskadelige. Både i Norge og i utlandet forskes det for å øke kunnskapen om stoffgruppen (Ref: Miljøstatus.no).

Per i dag er det ikke gitt informasjon i deklarasjoner fra avfallsprodusenter om avfallet som leveres til Halliburton inneholder PFC- forbindelser. I oljeholdig slopvann fra offshoreindustrien er brannskum fra brannøvelser en mulig kilde til 6:2 FTS. Ulike typer smøreoljer, borevæske, vaskemiddel og grease kan også være en kilde til PFOS- forbindelser. Ifølge sikkerhetsdatabladene inneholder ingen av kjemikaliene som blir brukt i prosessen ved MTP PFOS- forbindelser.

Vurdering

Administrasjonen har vurdert søknadane fra Halliburton AS og TWMA AS opp i mot andre utsleppsøknader på Mongstad dei siste åra. I denne søknadsrunden vert det spesifikt søkt om løyve til utslepp av PFC-sambindingar etter at det har vorte avdekkat delar av avfallet som vert motteke ved verksemndene inneheld dei aktuelle sambindingane, og Miljødirektoratet har pålagt verksemndene å söke om desse utsleppa.

PFC-sambindingar er, som det går fram av skildringa i søknaden frå Halliburton AS, på myndigheitane si prioriteringsliste for stoff som er uønskte i Norge. Både PFOS og PFOA er strengt regulert i Norge, og ein har informasjon om at desse stoffa er svært miljøskadelege. Mellom anna er det snakk om stabile stoff som ikkje vert brote ned i økosystemet, noko som fører til at stoffa vert lagra i dyr og plantar som tek opp desse stoffa. Det går fram av grunnlagsmaterialet i søknadane at helseeffektane av PFC-sambindingane er uavklarte, men at nokre av stoffa er giftige. Samstundes går det klart fram at stoffa er lite nedbrytbare og vil verte akkumulert i økosystemet. I dette ligg det at til dømes fisk og skaldyr vil kunne vidareføre desse stoffa til menneske som konsumerer desse, då stoffa ikkje vert brote ned i prosessane. På bakgrunn av at ein ikkje kjenner til helseeffektane av desse stoffa, er det naturleg at ein inntar ein restriktiv haldning til utslepp av stoffa.

Det kom i arbeidet med interkommunal plan for Fensfjorden fram at ein har funne spor av PFOS i krabbe som er fanga ved ankringsområdet ved Håvarden utanfor Mongstad. Kjelda til ureininga var truleg båtar som hadde utført brannøvingar i samband med oppankring i området. PFOS vart også avdekkat i fisk i Alverstraumen/Radsundet nyleg, der kjelda truleg var utslepp frå anlegget som produserte brannversutstyr på Radøy. Desse eksempla viser at PFC-sambindingar allereie fins i økosistema i kommunen, og at ein kan påvise stoffa i økosystemet også frå meir sporadisk aktivitet som brannøvingar ved oppankra skip i Fensfjorden. I samband med aktiviteten på Radøy var det snakk om meir industriell aktivitet og det har resultert i at det nyleg vart frarådd å konsumere fisk frå området på grunn av opphopning av perfluorerte stoff i fisken. Denne advarselen kom fleire år etter at verksemda slutta å bruke dei aktuelle stoffa på grunn av miljøfarene dei første med seg. Dei to døma viser at det PFC-sambindingar er stabile stoff som det skal små mengder av før det kan påvisast at dei hopar seg opp i økosystemet.

I høve vasskvalitet i området er sjølve Fensfjorden registrert som eit område med god vasskvalitet. Knarrevika som ligg rett sør for Mongstad er i vann-nett registrert med dårlig vassførekost, og det går fram av bakgrunnsmaterialet at det i første rekke er aktiviteten ved på Mongstad som er hovudårsaka til statusen. Det har dei siste åra kome inn meldingar om ureining i Knarrevika, men det

har ikkje vore mogleg å påvise kvar ureininga kom i frå. Uansett meiner administrasjonen at det er sannsynleg at utslepp frå Mongstad kan hamne i Knarrevika, då utsleppspunkta og spesielt nærings- og kaiområdet på Mongstad Sør ligg tett på innløpet til Knarrevika. Administrasjonen kan ikkje finne konkrete vurderingar som er gjort i høve kvar utsleppa frå verksemndene sprer seg, utover at det vert peika på at eventuelle utslepp fort vert tynna ut i vannmassane frå utsleppspunktet. Om straumane i området fører ureininga inn i systemet i Knarrevika, der det mellom anna er registrert gyteområde i kommunedelplanen, vil dette etter alt sannsyn føre til at stoffa vert akkumulerte i dette fjordsystemet, då det er tersklar i nord og aust og dermed liten gjennomstrauming.

I søkerne om utslepp kjem det fram at det vert jobba med metodar for å skilje ut dei aktuelle PFC-sambindingane i reinseprosessane hjå verksemndene. Administrasjonen kan ikkje sjå at det vert vurdert alternativ til å slepe ut stoffa som før, berre at det vert omtalt at det vert jobba med å forbetre metodane for å skilje ut desse stoffa i prosessen. Det bør vurderast om det fins metodar der stoffa ikkje vert sleppt ut i økosystemet i det heile. Om dette ikkje er eit alternativ, bør dette komme klart fram i søkerne om utslepp fra verksemndene.

Utsleppa som det no vert søkt om går inn i ei rekke av søkerne om auka utslepp som det har vorte søkt om dei siste åra på Mongstad. Den store auken i utslepp har i stor grad vore stetta på ei resipientundersøking som vart utført i 2009, der ein konkluderte med at resipienten hadde gode forhold til å ta i mot ureininga. I og med at utsleppa av PFC-sambindingar ikkje var avdekkja i samband med denne undersøkinga, har ein heller ikkje vurdert effekten av og eventuell opphopning av sambindingane i resipienten tidlegare. I og med at det nyleg vart avdekkja at PFC-sambindingar finns i avfallet som vert motteke ved anlegga, er det rimeleg å tru at utsleppa av desse stoffa har foregått ei stund. På bakgrunn av dette meiner administrasjonen at det er på høg tid å få på plass ei samla vurdering av verknadane dei ulike utsleppsløyvene påfører Fensfjorden generelt, men spesielt dei nærmeste områda utanfor Mongstad og Knarrevika som er mottakarane av ureininga. Det har tidlegare vore peika på at ein må ha ei ny vurdering av kva Fensfjorden kan tote av ureining og administrasjonen meiner det er naturleg å krevje dette no, spesielt på bakgrunn av at ein no har avdekt spesielt uønskte stoff som vil hope seg opp i økosystemet.

Lindås kommune har tidlegare i samband med søkerne om utslepp uttalt at ein ynskjer ein samla oversikt over kva som vert sleppt ut frå verksemndene på Mongstad. I tillegg har kommunen etterlyst at ein vurderer å sjå på Mongstad som eitt samla utsleppspunkt, der alle løyper vert gitt innanfor den same ramma. Dette vil gi ein betre oversikt over utsleppa slik kommunen vurderer det. Lindås kommune vil på bakgrunn av dette på ny oppfordre Miljødirektoratet å vurdere dette, då kommunen meiner at dette vil gje ein betre oversikt for alle involverte, samstundes som det truleg vil kunne gjøre samarbeidet mellom verksemndene på Mongstad betre og vil kunne gje positive effektar også for desse.

Verksemndene som i dag tek i mot avfallet med PFC-sambindingar peiker sjølv på at desse stoffa ikkje kjem fram på deklarasjonane somkjem med avfallet, og at dei soleis ikkje har kontroll på om avfallet kan innehalde desse stoffa. Det vert i tillegg peika på at dei i utgangspunktet ikkje ynskjer å ta i mot stoffa. Administrasjonen meiner Miljødirektoratet her må jobbe for at desse stoffa ikkje kjem inn i handteringsprosessen i utgangspunktet og på bakgrunn av dette vurdere å skjerpe inn krava til kva som kan nyttast av PFC-haldig brannvernutstyr og borevæske på sokkelen. Det finns i alle høve alternativ til brannskum som inneholder PFOS og PFOA, og der det finns alternativ bør Miljødirektoratet vurdere å sette krav til bransjen om kva typar produkt som kan nyttast. Mellom anna har Avinor kutta ut bruk av brannskum med PFOS og PFOA. Alternativt kan ein sette krav til verksemndene som tek i mot PFC-sambindingane, for slik indirekte å tvinge bransjen til å ta stilling til PFC-haldige produkt.

Svar på Miljødirektoratet sine spørsmål knytt til søkeren:

1. Kan verksemda sitt utslepp gjere det vanskeleg å nå målet om god økologisk og god kjemisk tilstand i vassførekosten, jf vassforskrifta §4-6?

Svar: Knarrevika har fått status därleg som følgje av aktiviteten på Mongstad. Det bør gjerast ei vurdering knytt til verknader for denne vassførekosten (i tillegg til Fensfjorden) som følgje av utsleppa, då denne er i risiko for å ikkje oppnå måla om god økologisk og kjemisk tilstand.

2. Kan verksemda sitt utslepp føre til overskridning av luftkvalitet i området?

Svar: Det pågår for tida undersøkingar knytt til luktutslepp i området, og begge verksemndene kan ha prosessar som medfører at det kan verte sleppt ut ureining i form av lukt. Administrasjonen registrerer at TWMA opplyser at dei brenn alle gassar frå TCC-produksjonen, og vil be Miljødirektoratet vurdere på om dette kan vere ei kjelde til luktproblematikken i området.

3. Førekosten av sårbare dyre- og planteartar i området, jf naturmangfaldlova § 8.

Svar: Det er registrert verneområde for tareskog ved Håvarden nordvest for utsleppspunkta for anlegga. Her er det også registrert to naturreservat. Ved Knarrviki i sør er det registrert gyteområde og låssettingsplass. Ved Langøy er det registrert blautbotnsområde i strandsona. Det er også kome inn meldingar om at det er gyteområde for kveite i nærleiken av Langøy, men dette er ikkje registrert i kommunen sine databasar.

4. Andre planlagde aktivitetar som kan påverke økosystem i området, jf naturmangfaldslova § 10.

Svar: Statoil har vedteke å flytte hovudtyngda av sin baseaktivitet knytt til sokkelen til Mongstad. Som følgje av dette vil det truleg kome fleire nye verksemder som tilbyr tenester knytt til denne aktiviteten. Det er ikkje klart kva verksemder som vil kome og kva type aktivitet dei vil drive med, men utslepp til Fensfjorden vil auke. Som tidlegare nemnt etterlyser kommunen ein samla oversikt over utsleppa i området, då det er mange verksemder som har regulerte utslepp gjennom utsleppsløyver til fjorden, både hjå Fylkesmannen og Miljødirektoratet.

5. Andre lokale forhold som Miljødirektoratet bør ta omsyn til når søknaden vert vurdert, knytt til helse- og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna?

Svar: Som tidlegare nemnt har det kome inn klagar frå innbyggjarane i Knarvik Nord knytt til både utslepp på sjø og lukt. Administrasjonen vil be Miljødirektoratet å ta dette med i vurderingane sine. Omsynet til oppdrettsnæringa og deira miljøkrav og omdømme i høve sine produkt bør også vurderast her. Spesielt for denne søknaden er at det er snakk om stoff som kan verte tekne opp i fisk som skal ut til forbrukar. Næraste oppdrettsanlegget ligg ved Langøy i Lindås kommune. Det vert elles vist til tidlegare uttalar knytt til andre søknader om utslepp i området.

Konklusjon

Dei omsøkte utsleppa av PFC-sambindingar er stoff som ein ikkje ynskjer å sleppe laus i økosystemet, då stoffa har eigenskapar som gjer at dei hoper seg opp og har uklåre effektar på organismane som vert utsett for dei. Lindås kommune vil på bakgrunn av dette rå i frå utslepp av desse stoffa i Fensfjorden. Det er sentralt at ein vurderer alternativ til å sleppe PFC-sambindingar til sjø, både lagringsmoglegheiter, moglegheiter innanfor prosesseringa av avfallet og eventuelle andre

reguleringar. Lindås kommune ber om at det vert utført ei samla vurdering av utsleppa frå Mongstad i tillegg til at ein må vurdere resipient og straumforhold på ny for å få kunnskap om status og kvar utsleppa spreier seg. Kommunen ynskjer også at ein jobbar vidare med å sjå på Mongstad som eit samla utsleppspunkt.

Vedlagte saksdokument:

Høring av søknad om PFAS-utslepp frå TWMA Norge AS	27204	27.10.2014
Søknad om PFAS-utslipp fra TWMA Norge AS	27206	27.10.2014
Høyring av søknad frå Halliburton AS Mongstadbase om endring av løyve til virksomhet etter forurensningsloven	25364	27.10.2014
Søknad om utslipp av PFC forbindelser - Juli 2014 - Halliburton	25366	27.10.2014

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost